

Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 2. september 2023 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til: Torodd Kinn (undervisningskoordinator), Anne Beate Maurset (allmenn litteraturvitskap), Jason Nelson (digital kultur), Carl Börstell (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Marianne van Baar (Norsk kursa), Heming H. Gujord (lektorutdanninga), Henning Laugerud (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Lykke Løseth, Martin Borgar Nilsen, Pernille Fosse (studentrepresentantar), Helga Ramstad Vatsaas (sekretær)

Studieadministrasjonen ved LLE stiller som observatørar.

Saksliste

| | |
|--|---|
| UUI-sak 10/24: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat | 1 |
| UUI-sak 11/24: Oppmeldingstal hausten 2024..... | 1 |
| UUI-sak 12/24: Tiltak for betre gjennomføring | 1 |
| UUI-sak: 13/24: Ekstern og intern sensur og økonomi | 2 |
| UUI-sak 14/24: Ymist..... | 2 |

UUI-sak 10/24: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling, saksliste og referat (vedlagt)

UUI-sak 11/24: Oppmeldingstal hausten 2024

Helga og Torodd presenterer fersk statistikk

UUI-sak 12/24: Tiltak for betre gjennomføring

Med færre studentar som begynner på studia våre, blir det endå viktigare at færre fell ifrå.

Til diskusjon:

- Kva erfaringar har vi med gjennomførte tiltak for å betre gjennomføringa? Kva fungerer?
- Kva planar finst det i fagmiljøa for å prøve å betre gjennomføringa framover? Kva kan vi få til utan å bruke vesentleg meir ressursar?

UUI-sak: 13/24: Ekstern og intern sensur og økonomi

Når **må** ein ha ha to sensorar, av dei éin ekstern?

- MA-oppgåver
- BA-oppgåver
- Klagesensur

Når **må** ein elles ha to sensorar?

- emne på 15 studiepoeng eller meir
- eksamenar som ikkje let seg etterprøve (t.d. munnleg)

Til diskusjon:

- a) Når ønskjer vi å bruke **ekstern** sensor utan at det er krav om det? Kva utgiftspostar kan instituttet eventuelt redusere for å finansiere dette?

Korleis kan administrasjonen og fagmiljøa samarbeide for å gjere kostnadene til ekstern sensur mest mogleg føreseielege? Kan dei enkelte fagmiljøa til dømes få utdelt ein pott i budsjettet til fordeling mellom (ikkje-pålagd) ekstern sensur, undervisningsassistentar, gjesteførelesarar og eventuelt anna?

- b) I kva grad ønskjer vi å bruke **to interne sensorar** utan at det er krav om det? Ønskjer vi å prioritere dette framfor undervisning?

UUI-sak 14/24: Ymist

- «Årshjul for vitenskapelig ansatte» blir sendt ut på e-post saman med referatet. Vi ber UUIs medlemar om å kome med innspel og tilbakemeldingar innan merknadsfristen.